



SJØBRIS kom til Uskedalen for nokre veker sidan for slipping i Vågen på Skorpo.

Kutteren SJØBRIS kom til Uskedalen for vel ei veke sidan og har vore på slipp i Vågen på Skorpo. Ragnar Vågen frå Åkra er eigaren og saman med gode hjelparar har han mellom anna drive med nating og bunnsurning. Kona, Anne Lise Vågen, f. Rød, kjem frå Uskedalen. Brørne Hammerø på Sunde var før 2010 eigarar av fartyet i over 10 år, då med namnet HAMMERFISK.

Ole Kristoffer Vågen driv slipp og vedlikehald av farty. Kvar vår og sommar er det det eldre og nyare båtar inne for reingjering, bunnsurning og førefallande vedlikehald.

SJØBRIS, 42,6 fot, er bygd i 1937 som fiskebåt på verven til Rudolf Sørli på Ottersøy i Vikna. Fartyet har gjennom åra hatt ulike eigarar og namn som VÅGØYBUEN, TURID ANITA, AUD og KILVÆR JUNIOR. Frå 1997 var namnet KVITHOLMEN og eigar vart Kjell Kristenesen på Halsnøy.



SJØBRIS (tidlegare HAMMERFISK) vert reingjort og bunnsmurd.

I 2006 kjøpte Hammerfjord AS på Sunde fartyet, som då fekk namnet HAMMERFISK. Båten var registrert som H - 77 - K og brukt på makrellfiske i Nordsjøen om sommaren, torsk og sei i Lofoten og på Finnmarkskysten på vinteren. I 2009 overtok Opsongervågen Kystlag HAMMERFISK og fartyet vart sletta frå Merkeregisteret for fiskefarty. SJØBRIS går med ein 160 HK Cummins motor.

Båten vart seld i det som vert kalla kvotesal. Det vil sei at båten vart seld med kvote og kjøpt attende utan kvote.

Ragnar Vågen eig også ein gavlabåt frå Tysnes som no er reparert etter ein skade.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/Kristian Bringedal



Ragnar Vågen er også eigar av denne nyrestaurerte gavlabåten.